



Statens vegvesen

Stærk & Co
Havnegaten 1
4836 ARENDAL

Jon Geir Haugholmen

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Hilde Gunn Stenseth / 56520207 18/115285-2 17.07.2018

Statens vegvesen sitt svar på søknad om godkjenning av tegninger og omlegging av fv. 103 – HVDC anlegg i Simadalen i Eidfjord kommune – Simadalen i Eidfjord kommune

Viser til oversending frå dykk.

Me seier oss lei for at de ikkje har fått svar før. Årsaka til dette er usikkerheit kring fylkesveg (Fv.) 103 sin framtidige status.


De ber om godkjenning av teikningar og omlegging av fylkesveg (Fv.) 103 inne ved næringsområde i Simadalen i samband med planar om framføring av straumkabel – «North Connect» – mellom Sima i Eidfjord og Peterhead i Skottland. Ut over anleggsfasen vil ikkje prosjektet føra til særleg auke i trafikk på fylkesvegen.

Statens vegvesen ser tronen for omlegging av vegen, og har nokre merknadar til både omlegginga og dimensjoneringa:

- Det er lagt opp til ein **normalprofil** på total breidde 5,5 meter imkl. 0,5 meter grusa skulder på kvar side.

Statens vegvesen ser det som mest tenleg å leggja handbok N100 sin dimensjoneringsklasse Sa1 til grunn. Denne dimensjoneringklassen har ein normalprofil med 5,5 meter asfalterrert veg og 0,25 m grusa skulder på kvar side. Mykje av Fv. 103 er brei nok til at to personbilar kan møtest. Med ei asfalterrert breidde på 5,5 meter vil dette framleis vera råd utan at ein må ta i bruk grusa skulder. Belasting på asfaltkant/skulder vil fort føra til at vegkantane vert øydelagde.

- **Oppbygging av overbygning** for Fv. 103:
Statens vegvesen har brukt følgjande oppbygging på fylkesvegar.



Ved omlegging av Fv. 103 skal oppbygginga som i figur over nyttast.

- **Omlegging av veg kryssar elv.**
Kulvert/bru over ein viss storleik skal til direktoratet for godkjenning. Dette er ei sak Statens vegvesen ikkje kan ta stilling til nå. Den må ev takast opp i samband med ei omklassifiseringssak.
- **Omlegginga av vegen med tilkopling av adkomstveg til kai og veg nordover mot Statkraft sitt anlegg.**
Statens vegvesen meiner mogleg ny fylkesveg bør gå meir i rett line aust-vest før tilkoplingspunkt for veg frå Statkraft og adkomstveg kai. Årsaka til dette er at desse to vegane er kopla på «ny» fylkesveg tett ved kvarandre og i ei slak kurve. Av omsyn til fart og trafikktryggleik bør «ny» fylkesveg gå i kurve som fører til lågare fartsnivå, og dei to vegane sitt påkoplingspunkt bør liggja lengre frå kvarandre.
- **Eksisterande veg mellom Eidfjord og Sima.**
Slik Statens vegvesen forstår vil ikkje anlegget NorthConnect føra til nemneverdig auka trafikk etter anleggsfasen. Statens vegvesen ser situasjonen slik at det på eksisterande veg mellom Eidfjord og Sima kan vera trøng for utbetring av møtelommer/-plassar og ev etablering av nye. I god tid før ev igangsetting av anleggsarbeid må tiltakshavar, kommunen og Statens vegvesen gå gjennom strekninga og verta einige om kva punkt som må utbetrast.
- **Arbeidsvarsling.**
Anleggsarbeid som går i eller nær offentleg veg skal varslast. Det må utarbeidast plan og søknad som skal til Statens vegvesen for handsaming. For nærmere informasjon om arbeidsvarsling kan de ta kontakt på e-post voss-arbeidsvarsling@vegvesen.no

Plan & Forvaltning
Voss og Hardanger

Med helsing

Hilde Gunn Stenseth
Fung. seksjonssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Eidfjord kommune, Simadalsveien 1, 5783 EIDFJORD
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN